

Emne:	<b>Rapport - del 2, Langhaugen vgs 08.03.2018</b>	
Til stades:	Rektor Tore Tveit, ass.rektor Randi Skogedal, avdelingsleiarane Morten Bygstad, Kari Kaardal og Åsne Kvamme, elevinspektør Stian H.Thowsen, tillitsvald Utdanningsforbundet Magnus Lyngstad, regionleiar Odd Bjarne Berdal og seniorrådgivar Venke Barrikmo	
Forfall:		Sak: 2017/1537-102
Møtetid:	12.15-13.45	Møtestad: : Langhaugen vgs.

**Møteleiar: Odd Bjarne Berdal****Referent: Venke Barrikmo**

### **E. Oppfølging av del 1 i lys av skulen sine resultat**

#### **Innspel frå skuleleiinga:**

- Elevundersøkinga; **motivasjon** – reduksjon i resultat og ulik motivasjon i ulike fag. Det blir stilt spørsmål om det kan vere at fleire elevar ser på vidaregåande som ein mellomstasjon før studium, og difor er underytarar. Mange av jentene er ambisiøse og jobbar for intens med skulearbeidet, noko som kan gå ut over motivasjonen. Lågast på motivasjon ligg dans Vg2, der desse òg har flest IV og stryk i programfag, jf. rektor. Det er òg ein utfordring med tilbod om programfag som er prega av jenteval, og difor ønskjer skulen fleire gute-venlege, praktiske fag.
- T1-oppfølging; god oppfølging på individnivå, og det blir vist til eit innarbeidd system.

#### **Innspel frå skuleeigar:**

- Elevundersøkinga; **mobbetal**. Tal for vaksenmobbing blir møtt med bekymring, spesielt i ein Vg3-klasse.
- Skolevandring; intensjon om utprøving i 2017-18, men lite gjort så langt. Noko utprøving, og ved nyttilsetting blir ein spurd om dei ønskjer ein leiar til stades i undervisninga, noko som er positivt motteke. Manglande igangsetting – stort arbeidspress. Leiinga bør vurdere om dette er noko dei ønskjer å følgje opp.

### **F. Skuleleiinga si rolle i arbeid med tilstandsvurdering og utvikling i lys av pedagogisk plattform**

- Det blir vist til 3 store undersøkingar på rad, som skapar ei tidkrevjande oppfølging.
- Arbeid med styringsdokumentet har det ikkje vore tid til, men det vil vere på agendaen under ei komande elevrådssamling.
- Skulen har eit årshjul som ligg til grunn for utviklingsarbeidet, og avdelingsmøta er arena for innspel til utviklingsplanen.

### **G. Drøfte val av strategiar og prosessar**

- Overordna strategiarbeid dei komande åra
- Kva for skule ønskjer dei at Langhaugen vgs skal vere?
- Vidareføre systematikken
- Læreplanarbeid
- Vidareføre skulekulturen

### **H. Prosess vidare og punkt til oppfølging i samtalen mellom rektor og regionleiar**

- Den totale arbeidsmengda i leiargruppa
- Ansvarleggjere både elevar og lærarar om satsingsområde framover

- Auke samhandling mellom utdanningsprogramma

**Godkjent av:**

**Rektor:**

**Regionleiar: Odd Bjarne Berdal**